

Saksutgreiing

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
29/26	Utval for areal og samferdsel	02.09.2026

Vedtak av reguleringsendring 2 - Detaljregulering for naustområde Skutevik 4/89 m.fl., Hidle, PlanID 202107

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for areal og samferdsel vedtek reguleringsendring 2 – Detaljregulering for naustområde Skutevik 4/89 m.fl., Hidle, PlanID 202107 i medhald av plan – og bygningslova §12-14.

Saksprotokoll i Utval for areal og samferdsel - 02.09.2026

Habilitetsvurdering:

Andreas Steinsvåg Stautland (ViPartiet) ba utvalget om å ta en habilitetsvurdering ved behandling av saken, med følgende begrunnelse: "Min stefar har nausttomt og kai i dette området og er ein av dei nærmaste naboane. Bere difor om habilitetsvurdering.". Han gjekk frå under behandling av habilitet. Det var ikkje vara.

Habilitetsvurdering:

Utval for areal og samferdsel gjekk samrøystes inn for at Andreas Steinsvåg Stautland (ViPartiet) var inhabil etter Forvaltningslova § 6.b.

Saka vart behandla med 7 medlemmer.

Innstilling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for areal og samferdsel vedtek reguleringsendring 2 – Detaljregulering for naustområde Skutevik 4/89 m.fl., Hidle, PlanID 202107 i medhald av plan – og bygningslova §12-14.

For forslaget stemte 7: Åge Bernhard Grutle (AP), Steinar Steinsund (Frp), Christer Agasøster (H), Signe Lund Jansen (H), Sonja Hellen Sele (H), Karsten Fylkesnes (KrF), Randi Karin Habbestad (Sp).

Dermed ble innstillingen vedtatt.

Vedtak:

Utval for areal og samferdsel gjorde slikt vedtak:

Utval for areal og samferdsel vedtek reguleringsendring 2 – Detaljregulering for naustområde Skutevik 4/89 m.fl., Hidle, PlanID 202107 i medhald av plan – og bygningslova §12-14.


Samandrag av saka:

Gjeldande reguleringsplan for naustområde Skutevik 4/89 m.fl., Hidle (PlanID 202107) vart vedteken 24.04.2023, og endra 13.11.2024. Det er no søkt om reguleringsendring for felt UNB6 for å leggja til rette for etablering av ny kai og brygge, justering av byggjegrensar og etablering av fleire parkeringsplassar. Det er også gjort mindre oppdateringar og presiseringar i føresegnene.

Planforslaget har vore på høyring, og det kom inn tre uttalar frå NVE, Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren. Ingen av uttalane inneheld innvendingar av slik karakter at ordinær planprosess er nødvendig. Statsforvaltaren peika på byggjegrensa for UNB6, men kommunen vurderer at plankartet og føresegnene samla sett tek vare på intensjonen i planen.

Kommunedirektøren vurderer at endringa ikkje påverkar gjennomføringa av planen elles, ikkje går utover hovuddrammene i planen og ikkje kjem i konflikt med viktige natur-, eller friluftsinteresser. Endringa legg til rette for ei utnytting av UNB6 som samsvarer med føremålet i gjeldande plan, utan å auka talet på naust eller storleiken på desse. Vilråa for behandling etter plan- og bygningslova § 12-14 vert dermed vurdert til å vera oppfylt.

Kommunedirektøren tilrår at reguleringsendring 2 – Detaljregulering for naustområde Skutevik 4/89 m.fl., Hidle, PlanID 202107, vert vedteken.



Figur 1 - Lokalisering av planområde

Bakgrunn for saka:

Gjeldande reguleringsplan for naustområde Skutevik, PlanID 202107 blei vedtatt 24.4.2023. Bakgrunnen for søknaden om planendring er behovet for etablering av ny kai og brygge, samt fleire parkeringsplassar ved UNB6.


Saksutgreiing:

Det aktuelle område er i kommuneplanen sin arealdel sett av til andre typar bygningar og anlegg, LNFR-areal og LNF-spreidd i kommuneplanen sin arealdel.



Figur 2 - Utsnitt frå kommuneplanen sin arealdel


I gjeldande reguleringsplan for naustområde Skutevik 4/89 m.fl., Hidle, PlanID 202107 er areala sett av til naust, kai, småbåtanlegg, LNF, grønstruktur, veg og parkering.




Figur 3 - Utsnitt frå gjeldande plankart

Endringar i plankartet:

- Justert byggjegrænse for UNB6
- Lagt inn KAI8 og SMB8 i framkant av UNB6
- Lagt inn parkering P8 og P9 i bakkant av UNB6.
- Endra delar av UNB7 til P5.



Figur 4 - Utsnitt fra gjeldende plankart i område rundt UNB6.



Figur 5 - Utsnitt fra forslag til nytt plankart

Endringar i føresegner:

- § 1.2 Det er satt inn en oppdatert tabell som viser arealformål.
- § 2.4 Det er lagt til en presisering som gjelder bestemmelsen:
Den detaljerte risikovurderingen kjem i tillegg til fareavklaring gjennom ROS-analysen for planen og vurdering av områdestabilitet, og skal sikre at anleggsarbeidet vert gjennomført i tråd med dei føresetnadene planen byggjer på.
- § 2.8 Byggegrenser er spesifisert:
Byggegrenser er vist i plankartet. Der byggegrense ikkje er vist, følgjer denne føremålsgrensa.

Merknader:

Det kom inn tre uttalar i høyringsperioden. Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) gav si generelle tilbakemelding til planendringa. Vestland fylkeskommune opplyser at dei ikkje har vesentlege merknader til planendringa. Statsforvaltaren har heller ikkje vesentlege merknader, men stiller spørsmål ved om byggegrensa for UNB6 samsvarer med intensjonen i planendringa. Statsforvaltaren peikar vidare på at plankartet, slik det no er utforma, ikkje synest å opne for bygging i den austlege delen av UNB6. Dette kjem av at byggegrensa på denne strekninga ligg samanfallande med føremålsgrensa, og difor ikkje er synleg i plankartet. Dette er i tråd med intensjonen i føresegna § 2.8, der det heiter: «*Byggegrensa er vist i plankartet. Der byggegrensa ikkje er vist, følgjer denne føremålsgrensa.*» Dersom ein opnar SOSI-fila eller nyttar kommunekart, vil byggegrensa kome fram. Byggegrensa er såleis registrert i plankartet, sjølv om ho ikkje er synleg i pdfen.

Vurderingar:

I plan- og bygningslova § 12-14 «Endring og oppheving av reguleringsplan» står det:

For utfylling, endring og oppheving av reguleringsplan gjelder same bestemmelser som for utarbeiding av ny plan. Kommunestyret kan delegere myndigheten til å treffe vedtak om endringar i reguleringsplan når endringene i liten grad vil påvirke gjennomføringen av planen for øvrig, ikke går utover hoveddrammene i planen, og heller ikke berører hensynet til viktige natur- og friluftsområder. Før det treffes slikt vedtak, skal saken forelegges berørte myndigheter, og eierne og festerne av eiendommer som direkte berøres av vedtaket, og andre berørte, skal gis anledning til å uttale seg. Jf. for øvrig § 1-9.

I rundskriv frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. - H-6/17 av 30.juni 2017 står det:

En annen begrensing er at enklere behandling bare er forutsatt å bli benyttet i tilfelle der endringene ikke er spesielt konfliktfylte. Protester fra nabo eller andre berørte vil imidlertid ikke nødvendigvis føre til at endringen ikke kan gjennomføres på den enklere måten. Heller ikke vil enhver merknad fra berørte myndigheter forhindre dette. Imidlertid vil merknader fra berørte myndigheter som har karakter av innsigelse, føre til at endringen må behandles videre etter en ordinær planprosess.

Følgande vilkår må vera tilstade for å kunne handsame endringa som ei mindre endring:

- Kan ikkje påverke gjennomføringa av planen elles.
- Kan ikkje gå ut over hovuddrammene i reguleringsplanen.
- Kan ikkje komme i konflikt med viktige natur- og friluftsområde.
- Kan ikkje være spesielt konfliktfylt.
- Det kan ikkje komme inn vesentlege merknader til endringa.

Bømlo kommune vurderer at reguleringsendringa ikkje vil påverka gjennomføringa av planen elles, og ikkje gå utover hovuddrammene i planen. Hovudføremålet med planen er naustføremål med tilhøyrande funksjonar. Reguleringsendringa endra ikkje på dette. Kort tid etter at reguleringsplanen vart vedteken, vart det gjennomført ei reguleringsendring etter forenkla prosess. Bakgrunnen var at det ved ein feil ikkje var lagt inn byggjegrænse for den austlege delen av UNB6. Dei øvrige plandokumenta var likevel tydelege på at intensjonen med planforslaget var å leggja til rette for oppføring av to naust i dette området. Reguleringsendringa som no ligg føre bidreg difor til å gjera utbygginga på UNB6 enklare og i samsvar med føremålet og intensjonen i den vedtekne planen.

Reguleringsendringa kjem ikkje i konflikt med viktige natur – og friluftsområde. Område er allereie planert. Sjå nærare vurdering av naturmangfald, kulturminne og friluftsliv under miljømessige konsekvensar, kulturminne og folkehelse.

Det kom inn 3 merknader i høyringa av planendringa. Bømlo kommune vurderer at merknadane ikkje er av innsigelses karakter, og viser til punktet om merknader over. Uttalene følgjer saka som vedlegg.

FN sine berekraftsmål:



Økonomiske konsekvensar:

Utbyggjar dekkjer kostnadane med reguleringsendringa.

Miljømessige konsekvensar, kulturminne og folkehelse:

Det er ingen registreringar i område der det er foreslått endring av planen. I vest i bakkant av naustområde er det registrert eit område for Gråsisik (stor verdi, livskraftig).

Ved tilkomstvegen til naustområde er det registrert ein steinalderlokasjon.

I sjø utanfor Størsholmen og Kyrkjeholmen går det kartlagde friluftsområde for kanalen og sjøareal i nærleiken.

Endringene er i hovedsak knyttet til felt UNB6, og er gjort for å få til en utnyttelse av eiendommen tilsvarende de øvrige eiendommene innenfor planområdet. Det er ikke foreslått endringer i antall naust eller størrelsen på disse. Endringen vurderes ikke å ha negativ påvirkning på viktige natur-, kultur- og friluftsinnteresser, eller på gjennomføring av de formål som gjeldende plan tilrettelegger for.

Beredskap og samfunnstryggleik:

I samband med utarbeiding av gjeldande reguleringsplan for område blei det gjennomført ein ROS-analyse, og i forbindelse med denne reguleringsendringa er det gjennomført ein vurdering av områdestabilitet. Vurderinga av områdestabilitet ligg ved som vedlegg til saka. Rapporten konkludere med følgande:

Med bakgrunn i topografi og berg i dagen kan prosedyren avsluttes i steg 3. Tiltaket vurderes ikke å medføre risiko knyttet til områdestabilitet.

Referansar:

arealplaner.no | [202107 > Beskrivelse](#)

Vedlegg til saka:

Plankart

Føresegner

Planomtale tilleggsnotat

Høyringsbrev

Vurdering av områdestabilitet

Synfaringsnotat kvikkleire

Uttalar x3